



Studieplan

Mastergradsprogram i filosofi

UiT Noregs arktiske universitet
Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning

Gjeld frå og med hausten 2012

V-6. Sist justert 26.04.2023

Tittel bokmål: Mastergradsprogram i filosofi.

Tittel nynorsk: Mastergradsprogram i filosofi.

Tittel engelsk: Master's Degree programme in Philosophy.

Oppnådd grad

Mastergradsprogrammet fører fram til graden *Master i filosofi*.

Opptakskrav

For opptak til masterstudiet i filosofi krev ein avlagd bachelorgrad i filosofi med ei fordjuping på minimum 80 studiepoeng i filosofi eller tilsvarande. Fordjupinga skal ha ein studieprogresjon der minimum 20 studiepoeng er på 2000-nivå eller tilsvarande. Det blir sett eit fagleg minstekrav for opptak på karakteren C, som blir rekna ut frå eit gjennomsnitt av karakterane i fordjupingsemna.

Søknadsfrist

Studiestart haust og vår, søknadsfrist 15. april og 1. november. Lokalt opptak, søknadskode 5037.

Omfang: 120 studiepoeng. Normert studietid er fire semester.

Fagleg innhald

Filosofifaget studerer føresetnadene for etiske val, sosial og politisk organisering, kunnskap, vitskap og argumentasjon. Som masterstudent kan du fordjupe deg i samtidsaktuelle spørsmål om blant anna fridom, rettferd, demokrati, fleirkulturalisme og klima. Du kan skrive masteroppgåve innafor alle områda av filosofien.

Institutt for filosofi sitt satsingsområde er praktisk filosofi. Instituttet har forskingsgrupper i politisk filosofi, etikk og miljøfilosofi. Som masterstudent kan du delta på arrangement i regi av alle desse gruppene.

Yrkesutsikter / Målgruppe

Målgruppa for mastergradsprogrammet i filosofi er studentar som vil utvikle evna til sjølvstendig kritisk refleksjon, argumentasjon og analytisk tenking. Programmet lærer deg å reflektere over problem som angår menneskeleg handling og kunnskap, politiske og etiske spørsmål og spørsmål om grunnlaget for vitskapleg tenking. Dette krev evne til å formulere problem og argumentere for ulike løysingsforslag.

Masterstudiet i filosofi kvalifiserer for arbeid innafor forskning, kultursektoren, administrasjon og organisasjon, journalistikk og redaksjonsarbeid. I kombinasjon med andre undervisningsfag

og praktisk-pedagogisk utdanning kvalifiserer ein mastergrad i filosofi til undervising i grunnskole og vidaregåande skole.

Læringsmål

Etter fullført studium og oppnådd grad har studentane desse læringsresultata:

Kunnskapar

- Har avansert kunnskap om dei sentrale klassiske og samtidige teoriane og tradisjonane i filosofien, og har inngåande kunnskap om både fagets historie og sentrale politiske, filosofiske, etiske og analytiske teoriar.
- Har spesialisert kunnskap om det emnet og dei filosofiske problema som blir drøfta i masteroppgåva.
- Kan nytte filosofifagets teoriar og tradisjonar i sjølvstendige og kritiske diskusjonar og analysar av nye område innafor fagområdet.
- Kan analysere fagleg relevante problemstillingar og praktiske etiske og politiske spørsmål, med utgangspunkt i filosofifagets metodar, omgrep, tradisjon og eigenart.

Ferdigheiter

- Kan analysere og stille seg kritisk til ulike filosofiske teoriar både i klassisk og samtidig filosofi, samt ulike vitenskaplege tradisjonar. Kan bruke ferdigheitene til kritisk analyse av filosofiske spørsmål og til å formulere sjølvstendige problemstillingar og argument.
- Kan gjennomføre sjølvstendig kritisk refleksjon og argumentasjon over ulike filosofiske problemstillingar, teoriar og metodar, samt praktiske etiske og politiske problemstillingar, slik at det kan tene som grunnlag for vidare arbeid med filosofiske problem på ein sjølvstendig måte på eit vitenskapelig nivå.
- Kan gjennomføre eit sjølvstendig forskings- eller utviklingsprosjekt under rettleiing i tråd med gjeldande forskningsetiske normer.

Generell kompetanse

- Kan identifisere og analysere relevante praktisk-filosofiske, kunnskapsteoretiske og vitenskapsteoretiske problemstillingar.
- Kan nytte kunnskapane og ferdigheitene innafor forskingsaktivitet og andre område som krev argumentative og analytiske ferdigheiter.
- Kan formidle eigne filosofiske refleksjonar og problemløysingar ved hjelp av filosofiske omgrep.
- Kan formidle og kommunisere klassiske og samtidige filosofiske teoriar og problemstillingar, både frå eit historisk og analytisk perspektiv, til både spesialistar og andre, for eksempel elevar og studentar på lågare nivå (ex.phil).

Fagleg innhald og oppbygging av programmet

Mastergradsprogrammet består av ein opplæringsdel og ei masteravhandling, kvar på 60 studiepoeng.

Opplæringsdelen består av seks 10 stp.-emne, der eitt er obligatorisk. Dei andre fem vel ein blant dei masteremna som instituttet tilbyr dei ulike semestra. Dei valfrie emna har same form og struktur. Det blir gitt 10-12 førelesingar/seminar i eit par emne kvart semester. Dei har eit pensum på 7-800 sider. Det inngår eit arbeidskrav i form av ei øvingsoppgåve på 5 sider, eller

munntleg presentasjon, over oppgitt emne. Eksamen består av ei semesteroppgåve på 10-12 sider, der tema og problemstilling blir avklart med faglærar.

Masteravhandlinga, FIL-3900, er eit sjølvstendig arbeid på ca. 80 sider, over eit sjølvvalt tema, som blir følgt opp av ein fagleg rettleiar. I tillegg vel studenten eit fordjupingspensum på 7-800 sider der minst halvparten er originallitteratur. Både tema for avhandlinga og fordjupingspensumet skal godkjennas av rettleiaren.

For meir informasjon sjå dei einskilde emnebeskrivingane.

Progresjon i studiet

Vi rår studentane til å arbeide med avhandlinga parallelt med at dei tar dei obligatoriske emna dei tre første semestra, og konsentrerer seg heilt om oppgåva det siste semesteret. Arbeidet med oppgåva bør ein kome i gang med i samarbeid med rettleiaren alt frå første semester. Dette arbeidet startar med Prosjektseminaret i det første semesteret, der ein også tar valemne. I dei påfølgjande to semestra bør ein ta valemne parallelt med oppgåvearbeidet, mens ein i det siste semesteret konsentrerer seg kun om avhandlinga.

Planoversyn

Semester	10stp	10stp	10stp
1.sem haust	FIL-3007 Prosjektseminar	Valemne	Valemne
2.sem vår	Valemne	Valemne	3900 Masteroppgåve
3.sem haust	Valemne	3900 Masteroppgåve	3900 Masteroppgåve
4.sem vår	3900 Masteroppgåve	3900 Masteroppgåve	3900 Masteroppgåve

Emneporteføljen

Obligatoriske emne

- FIL-3007: Prosjektseminar (10 stp.)
- FIL-3900: Masteroppgåve i filosofi (60 stp.)

Valfrie emne

- FIL-3008 Etisk teori
- FIL-3009 Metaetikk
- FIL-3010 Anvendt etikk
- FIL-3012 Handling, aktørskap og ansvar
- FIL-3013 Samtidig politisk filosofi
- FIL-3017 Språk, kommunikasjon og samfunn
- FIL-3018 Metafysikk og kunnskapsteori
- FIL-3020 Migrasjon
- FIL-3021 Fordypning politisk filosofi

- FIL-3022 Filosofi og kjønn
- FIL-3023 Klimaetikk
- FIL-3024 Teknologi og natur
- FIL-3035 Naturfilosofi (heisemne; basert på FIL-2035 Naturfilosofi)

Undervisingspråk

Norsk eller engelsk.

Undervisingsformer

Undervisinga blir gitt i form av førelesingar og seminar.

Eksamen og vurdering

Eksamen består hovudsakleg av heimeeksamen. Ved mastergradseksamen vil det òg vere munnleg eksamen. Eksamensforma er spesifisert i dei einskilte emnebeskrivingane. Alle emna blir vurdert med ein karakterskala på 5 trinn frå A-E for bestått eksamen, der A er beste karakter, E dårlegaste karakter og F betyr at ein ikkje har stått.

Ved karakteren F blir det gitt høve til kontinuasjonseksamen. Sjå dei einskilte emnebeskrivingane.

Evaluering av studiet

Studieprogrammet blir evaluert årleg. Emna som inngår i studieprogrammet, blir evaluerte minst ein gong i løpet av programperioden. Emneevalueringa består av studentane og faglærar si evaluering.

Utanlandsopphald

Masteroppgåva må ein ta ved Institutt for filosofi og førstesemesterstudier, men ein kan ta filosofiemne ved samarbeidsuniversiteta til instituttet. Instituttet tilrår at ein tar utanlandsopphald tidleg i studiet. Godkjenning av utanlandsstudie skjer etter søknad.

Vidare studie

Under gitte karakterkrav kvalifiserer ein mastergrad i filosofi for opptak til ph.d.- programmet i filosofi og eventuelt andre fag.